



Karmøy kommune Landbrukskontoret  
Rådhuset  
4250 Kopervik

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om forvaltningskontroll i Karmøy kommune**

Vi viser til brev datert 23.01.2013, der Fylkesmannen kom med informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2013. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Karmøy kommune i løpet av våren 2013. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen, samt å fastsetje dato for denne.

### **Bakgrunn for forvaltningskontrollen**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Då forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, har vi i 2013 vald å rette kontrollen hovudsakleg mot kommunar som er store på jordbruk, og som årleg har store tilskotsutbetalingar. Då Karmøy er ein forholdsvis stor jordbrukskommune, har vi vald å trekke ut Karmøy som ein av kommunane for kontroll i år. Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

### **Informasjon om kontrollen**

Som tema for kontrollen vil vi sjå nærmare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysart tilskot. Vi ynskjer mellom anna å sjå nærmare på krav til omsetnad, utegangarsau og beitet tilskot. I tillegg kan tema som driftsfellesskap og reaksjonar ved avvik vere relevant.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:  
09:00-09:30 Formøte, med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang  
09:30-14:00 Intervju/gjennomgang av dokument  
14:00-15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og

sakshandsamar(ar). I tillegg er det eit ynskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta gjennom heile møtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Anfinn Rosnes møte i tillegg til to sakshandsamarar på produksjonstilskot.

**Forslag til dato for kontrollen**

Vi har tre forslag til datoar for kontrollen;

14. mai

29.mai

30.mai

Vi håpar at ein av desse datoane passer, og **ber om tilbakemelding på dato innan 19.04.2013.**

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Else Fredheim Hodne  
rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Else Fredheim Hodne  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 77  
E-post: fmroefh@fylkesmannen.no